

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
046/16	Plan- og miljøutvalet	PS	27.04.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Siril Therese Sylta	15/4239

## Klage på avslag på søknad om oppføring av landgang og kai - gbnr 139/7 Tveiten nedre

### Vedlegg:

Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av ny kai og landgang - gbnr 139/7 Tveiten nedre  
Søknad om dispensasjon - gbnr 139/7 Tveiten nedre  
Fullmakt  
Søknad om endring av gitt løyve  
Teikningar  
Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gbnr 139/7 Tveiten nedre  
Uttale vedk dispensasjonssøknad om endra kailøsning - gbnr 139/7 Tveiten nedre  
Uttale til dispensasjon for byggeløyve for kai - gbnr 139/7 Tveiten nedre  
Uttale - Lindås - Gnr 139 Bnr 7 - Tveiten nedre - Dispensasjon for byggeløyve for kai  
Klage på avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 139/7 Tveiten nedre

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sitt vedtak datert 16.03.2016 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje tatt til følgje.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurderinga.

.....

### Plan- og miljøutvalet - 046/16

#### PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak datert 16.03.2016 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje tatt til følgje.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurderinga.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Dersom Plan- og miljøutvalet ikkje tek klagen til følgje, skal saka sendast til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

**Bakgrunn**

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av landgang og kai. Det har tidlegare vore søkt om byggeløyve for kai på ca. 11 x 3,5 meter og gangveg på 5,5 meter. Etter administrasjonen si vurdering den gongen ville ein samanhengande trekonstruksjon på ca 16 meter (kai og gangveg) langs sjøen i dette området, verke dominerande i landskapet, og vore svært synleg både frå sjø og land. Vidare var vurderinga at ein trekonstruksjon er dårleg tilpassa dei naturlege omgjevnadane, som er berg og naturleg vegetasjon. Plan- og miljøutvalet avslo søknaden om å få byggja ein ny, lengre kai, men gav dispensasjon til utbetring av eksisterande kai som kunne utvidast til max 8 m under føresetnad at kaien vart tilpassa lokal byggjeskikk, og at farge på tiltaket vart tilpassa naturen omkring i møte den 22.05.2013.

Det vart søkt om dispensasjon og byggeløyve for kai på ca. 8 x 3,5 meter i søknad datert 23.12.2015.

I søknaden er det og vist gangveg på 8,5 meter. Utstrekninga er den same som tidlegare.

Eigedommen ligg innafor kommunedelplan for Knarvik- Alversund. Eigedommen ligg i LNF-område, der landbruk er dominerande. Arealet i sjø er vannareal for alment friluftsliv. Eigedomen ligg innanfor 100 meters beltet mot sjø.

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet LNFR og byggegrensa mot sjø, jf. pbl § 1-8.


Det vart gjeve avslag på søknad om landgang og kai av Plan- og miljøutvalet i møte den 16.03.2016:

*«Søknad om dispensasjon for oppføring av kai og landgang vert avslått med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 1-8.»*


Tiltakshavar, Kåre Jordal på vegne av Yvonne og Ola Johannes Jordal, har i brev datert 06.04.2016 klaga på vedtaket.

**Teikningar og kart:**

### Tidlegare-avslått kai-og-gangvegø



### Omsøkt kai-og-gangvegø



### Klage

I klage datert 06.04.2016 er det vist til følgjande:

1. Bakgrunnen for søknaden er at der det vart gitt løyve til å føra opp kai ved førre dispensasjonssøknad, er dårlegare tilflot for motorbåt og ikkje tilflot for seglbåt enn der det er søkt om no. Tilkomsten til denne staden som og vert nytta til feste for fortøyningar er vanskeleg og ein lett anlagt gangveg og kai vil gjera dette området tenlegare og vår bruk av sjøområdet mykje forbetra.
2. Me vil og visa til at det i seinare tid er ført opp fleire og til dels meir omfattande anlegg på liknande strandareal i Alversundet, både for fritidsbruk og fast busetnad.. Etter vårt syn er desse ikkje skjemmaende for dei sjøfarande gjennom sundet, men tvert imot viser at her framleis er ein aktiv sjøkultur. Vårt område ligg innafor den utbygte delen av Alversundet, like overfor ligg Kraftlagsholmen med store kaianlegg som no er godt nytta av friluftslivet heile året. Me er einige i måletom av å halda inngrepa i naturmiljøet på eit lågt nivå, men me har og lyst til å visa fram på ein fin måte at det er god aktivitet i strandsona vår. Viser her og til at kystverket ikkje har merknad til søknaden
3. Anlegget vil etter vår meining gli inn som ein naturleg del av den alt no utnytta strandlinja vår med båtar, fortøyningar og aktivitet med fiske m.m. Endringane vil vera svært små.. Anlegget vil visast , men vil etter vårt syn ikkje vera dominerande og vil verta behandla slik at det glir fint inn i naturfargane her. Anlegget vil auka tilgjengeleg areal i ei strandlinje som elles er bratt og utilgjengeleg og som no ikkje vert eller kan nyttast av andre.
4. Sjøområdet og livet i dette har vore og er ein viktig del av vårt bu- og livsmiljø. Anlegget vil vera positivt for vår bruk her og letta våre gjeremål. Me er ikkje i stand til å sjå at det inneber negative følgjer korkje for dei sjøfarande sine opplevingar eller friluftslivet elles. Etter vårt syn er føremonene ved tiltaket store for søkjar og ulempene for allmenne omsyn svært små og me vonar at ei ny vurdering vil gje støtte for at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte.

Det vert vist til fullstendig klageskriv.

## Vurdering

I klagen er det mellom anna vist til at omsøkte kai og landgang vil gjera området meir tenleg og forbetra bruken av sjøområdet for klagar. Det er og vist til at der det tidlegare var gjeve løyve til å føra opp kai, gjev dårlegare tilflot for både motorbåt og seglbåt. Vidare er klagar usamd i den vurderinga som er gjort i vedtak datert 16.03.2016, når det gjeld verknaden av tiltaket for området.

I vedtaket var vurderinga:

Dispensasjon frå pbl § 1-8:

*«Delar av strandsona i Alverstraumen er bygd med bustader, kai, naust m.m. Den delen av strandsona som omsøkte tiltak ligg i er relativt urørt. Omsyna bak strandsonevernet er å hindra utbygging langs sjø, og bl.a. sikra natur- og landskapsmiljøet langs sjøen. Omsøkte tiltak vil gje ein samanhengande trekonstruksjon på ca 16 meter i strandsona. Tiltaket vil verte svært synleg og dominerande i strandsona, og vil føra til ein vesentleg endring av det eksisterande landskapet. Etter administrasjonen si vurdering vil det vera viktig å bevare strandsona slik ho no er, og hindre at ytterlegare inngrep skjer.*

*Dispensasjon frå LNF- føremålet:*

*Administrasjonen finn ikkje grunnlag for å vurdere dispensasjon frå LNF-føremålet, då det er*

*heimel for å avslå omsøkte tiltak, jf. vurderinga over.*

*Etter dette er administrasjonen si vurdering at omsyna bak strandsonevernet vert skadelidande som følgje av tiltaket. Ein dispensasjon vil etter administrasjonens vurdering setje til side overnemnde omsyn vesentleg. Det ligg ikkje føre klare fordelar som taler for dispensasjon. Vilråra for dispensasjon etter pbl § 19-2 er ikkje oppfylt.»*

Administrasjonen legg denne vurderinga til grunn i handsaming av klagen.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 19- 2 4.ledd at det «ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»

I denne saka ligg det føre negativ uttale frå Fylkesmannen i Hordaland i brev datert 03.02.2016.

I 2013 vart det søkt om eit tiltak i same utstrekning som det denne saka gjeld. Skilnaden er at ny kai er redusert med 3 meter i lengde, medan landgangen har fått ei tilsvarande auke i lengde. I vedtak datert 22.05.2013 vart det gjeve avslag på søknad om ny kai og landgang, men gjeve løyve til utviding av eksisterande kai til max 8 meter.

Planstaus er den same for det no omsøkte tiltak som i 2013.

Dispensasjonsvurderinga har ikkje endra seg frå den vurderinga som vart gjort i vedtaket frå 2013. I tillegg har det i denne saka kome inn negativ uttale frå Fylkesmannen, noko som styrkar vurderinga om at det ikkje bør gjevast dispensasjon til tiltak i strandsona her.

På bakgrunn av dette er administrasjonen si vurdering at det ikkje har kome fram nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka. Klagen vert ikkje tatt til følgje.

.....